



Det var godt belegg også under kampen i kveld mellom Argentina og Mexico.

**Helg nummer 2 etter sommaropninga av Vertshuset har vore ein klar suksess.**

**Morten Nilsen kan ved 21-tida ikveld melda om 100 spisegjestar til no i dag og det kjem sikkert fleire.**

**- Dette har vore vår beste dag til no med omsyn til omsetnad av mat, opplyser han.**

Nilsen er også glad for at serveringa har gått knirkefritt. Ingen har venta meir enn 20 minuttar på maten denne dagen medan det gjekk i tregaste laget sist søndag.- Vi lærte mykje då med omsyn til kapasiteten, seier Nilsen.

- Du har auka personalet mykje?

- No har vi fått 1 til på kjøkenet slik at det er 3 der. Og talet på servitørar har vorte justert opp etter kvart slik at det no er 6. Difor er vi godt rusta til å møte fleire besøkstoppar. Eg er ellers glad for at innslaget av uskedelingar har vore så bra, særleg laurdag.

- Har du hatt mange i den spesielle VM-stova der ein kan nyta kampene på storskjerm?

- Besøket også der har vore bra, ikkje minst var det stinn brakke og høg stemning under oppgjeret i ettermiddag mellom England og Tyskland.

Av Ola Matti Mathisen